

NR 3/2016

NOTAT

Per Halse

**PIONERTIDA FOR NYNORSK  
KYRKJESPRÅK. EI TEKSTSAMLING.**

Forfattar	Per Halse
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	<a href="http://www.hivolda.no/notat">http://www.hivolda.no/notat</a>

Pionertida for nynorsk kyrkjespråk. Ei tekstsamling,

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## Føreord

Dette er ei samling aktstykkje, oversyn, tekstsamanlikningar og andre kjelder for saga om korleis det voks fram eit nynorsk kyrkjemål. Dei åtti fyrste tekstene var vedlegg til doktoravhandlinga *Gudsord og folkemål. Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859–1908*, Universitetet i Oslo 2009 (ss. 513–570). Derimot er dei ikkje med i den kortare bokversjonen *Gudsord og folkespråk. Då nynorsk vart kyrkjemål*, Tapir Akademisk Forlag 2011. Tekstdøma gjorde eg då i staden tilgjengelege på ei tilsett-side ved Høgskulen i Volda. Gjennom endringar i vevstrukturen har den lenkja frå 2011 forsvunne.

Etter råd frå gode kollegaer gjer eg no det som burde vore gjort for over fem år sidan: Dokumentet som heitte «Åtti tekster frå pionertida for nynorsk kyrkjespråk» kjem i litt utvida stand og med ny tittel her i Notat-serien. Attåt dei åtti vedlegga frå avhandlinga har eg teke med nokre utdrag som samanliknar omsetjingar av Peter Hognestad (1866–1931) med dei dansk-norske som rådde i samtida (nummera 81–83 attast i heftet).

Språkutviklinga og politiske vedtak har gjennom godt over hundre år gjort skilnadene mellom nynorsk og bokmål monaleg mindre enn det dei var frå starten. Materialet i denne samlinga gjev glimt av den språklege stoda i norsk skule og kyrkje på 1800- og byrjinga av 1900-talet. For utfyllande opplysningar om tekstene og konteksten viser eg til *Gudsord og folkespråk. Då nynorsk vart kyrkjemål* (Trondheim: Tapir, 2011) og *Peter Hognestad. Språkstrid og heilag fred* (Oslo: Samlaget, 2016).

I ei tidleg fase av målreisinga var engasjementet like stort i Trøndelag som på Vestlandet og i hovudstaden. Olav Jakobson Høyem frå Byneset skreiv i 1870 om «hvor forkjert bærer ikke vi Skolelærere os mangel Gang ad! hvor saare liden Respekt har vi ikke for dette ethvert Barns helligste Krav: at meddele Kristendommens store og dybe Sandheder paa deres eget Hjertesprog». Broren Klaus var også lærar, og han sette mellom anna pilegrimssalmen «Deilig er jorden» om til landsmål. Høyems versjon av det andre verset får stå som motto for denne tekstsamlinga:

Tider skal koma, / Tider bort skal strøyme,  
Æt på æt skal gå sin gång;  
Aldrig lell tagner / Tonen frå himlom,  
Tonen på åndens heimvegsgång!

Høgskulen i Volda, september 2016,

Per Halse.

## Innhald

1. “Kristelege bøker paa nynorsk” v/Anton Aure .....	6
2. Or Romarbrevet v/Jacob Rasch ca. 1700 .....	8
3. Frå Krossen er din v/Engvald Bakkan.....	8
4. Paulus og Agrippa (Apg 26) v/K. Leem etter L. Holberg.....	9
5. Or boda v/Hans Barlien 1800.....	10
6. Haugiansk bruk av barnelærdomen.....	10
7. Frå programartikkelen i opningsnummeret av Dølen .....	11
8. Sokneprest Jægers attest til J.E. Unger .....	11
9. Evangelieomsetjing v/Ivar Brovold 1853 .....	12
10. Gamalnorsk julepreike med omsetjingar.....	13
11. Luthers “Ein’ feste Burg” i tre landsmålsutgåver .....	14
12. Nokre tidlege julevers på landsmål .....	14
13. Jolakovæde av J.E. Unger .....	15
14. “Bøn” av Hans Mo 1866 .....	16
15. Landsmålssalmar ved Klaus Høyem 1875 .....	16
16. Salme 148 v/J.E. Unger 1865 .....	17
17. Evangelietekster v/Kr. Janson 1869 .....	17
18. Juleevangeliet etter Homilieboka og A. Chr. Bang.....	18
19. Den bortkomne sonen v/Ivar Aasen 1859/1869 .....	19
20. Markus 3, 1–6 v/Georg Grieg 1870 .....	19
21. Joh 8, 2–7 v/W. Werenskjold 1871 .....	19
22. Or Bergpreika v/Olaus Fjørtoft 1871 .....	20
23. Salme 1 i nynorskversjonar frå 1878 og 1882.....	20
24. Trusartiklane ved Grieg og Aasen 1868.....	21
25. “Maalsagen” av O.J. Høyem 1870 .....	22
26. Katekismeutdrag ved O.J. Høyem og Sven Aarrestad .....	23
27. Høyems fadervår og det tradisjonelle.....	24
28. Katekismeutdrag v/Kr. Janson 1879 .....	24
29. Om katekismeomsetjing v/“Kr.” 1879 .....	25
30. Trusartiklane v/Ivar Aasen 1880 .....	26
31. Herrens bøn v/Aasen 1868 og 1880 .....	26
32. Or Påskelilja av N.F.S. Grundtvig ved Klaus Høyem.....	26
33. “Jolakovæde” ved Olav Paulson 1866/1872 .....	27
34. Føreordet i Um Kristi Etterfylgjing 1880.....	27
35. Støtteskriv for Johannes Belsheim .....	28
36. Stortingsrepresentantar for løyving til prøveomsetjinga 1881 .....	28
37. Stortingsrepresentantar imot løyving til omsetjinga 1881 .....	31
38. Professor Bugges uttale om Romarbrevet 1882.....	32
39. Fordeling av arbeidet med prøveomsetjinga .....	33
40. O. Bj. om A.M.St. Arctanders Petersbrev 1884.....	34
41. Arctanders svar på takka ovanfor .....	34
42. 1 Pet 1, 3–5 etter Arctander og LT.....	34
43. Andr. Hølaas til Matias Skard våren 1885 .....	35
44. Salme 121 v/G. Sauerwein 1885 .....	35
45. Stortingsrepresentantar imot ny løyving til landsmålstestamentet i 1886.....	36
46. VG-ord etter stortingsdebatten 1886 .....	37

47. Eksamensoppmeldinga frå Nils Krog 1883 .....	37
48. Føreordet til Markus 1870.....	38
49. Spenningar i fornorskinga av bibelspråket.....	39
50. Herrens bøn etter Matteus .....	40
51. Variantar av Herrens bøn .....	41
52. Tekster til Lukas 4, 16–19.....	42
53. Variantar av Apg 8, 26–33 .....	43
54. Or merknadene til Apg 1887 frå professor Bugge .....	44
55. Argumentasjonen frå Matias Skard om evnukken .....	44
56. Omtvista ord frå 2 Pet .....	45
57. Johanneiske døme frå LT 1889 .....	45
58. Endringar i 1 Kor 6 frå 1887 til 1889.....	47
59. Tradisjonelt og nytt bibelspråk i 1880-åra .....	47
60. Døme frå revisjonen i 1899 .....	48
61. Ytringar på målmannsmøtet i Bergen 1888 .....	48
62. Blix-salmar i Skodje kyrkje sommaren 1899 .....	49
63. Bispeattest til bokhandlar Huseby 1901 .....	50
64. “Borni elsker norske Salmar” .....	50
65. Resolusjonen frå 1873 om salmebokrøystingar .....	51
66. Takkedikt for Blix-salmane 1901 .....	51
67. Biskop Hille om salmerøystingar i Hamar stift.....	52
68. Pontoppidan på landsmål v/Hans Mo 1885.....	53
69. Vogts bibelhistorie med omsetjingar.....	54
70. Or I.A. Fjørtofts bibelsoge ved Lars Eskeland 1900.....	55
71. O.J. Høyems bibelsoge 1881 og 1901 .....	56
72. Or kyrkjesoga v/Rasmussen 1895 .....	56
73. Bibelsoge på vossamål 1902 .....	57
74. Biskop Laache til Alf Baartvedt 1884.....	57
75. Om og av Anders Hovden i Kristiania Dagsavis 1899 .....	58
76. Brev frå Bondeungdomslaget til biskop Bang 1901 .....	59
77. Variantar frå Genesis kring 1900 .....	60
78. Husebys lysing om landsmåsliturgien 1902.....	61
79. NT-revisjonar frå 1889 til 1908 .....	61
80. Bernt Støylen om landsmåsliturgi 1907 .....	63
81. Utdrag frå fyrste liturgien på landsmål .....	64
82. Frå Prædikeren til Preikaren.....	65
83. Fager kveldsol smiler .....	66

## 1. “Kristelege bøker paa nynorsk” v/Anton Aure

*Dette er ei udatert, alfabetisk, handskriven liste på sju store sider mellom papira etter Peter Hognestad i Riksarkivet (PA 1504). Eit brevkort frå Anton Aure 17.4.1914 syner at han har laga henne. Lista femner om relevante prent t.o.m. 1913 – med utfyllande opplysningar om format, sidetal og pris eller om det er utselt. Her er titlane t.o.m. 1889 sette opp kronologisk.*

### 1868

Bunyan, John: Pilegrimsferd or denne Verdi til den komande. Framsett i Likning av ein Draum. Yversett fraa Engelsk [av Georg Grieg]. Bergen.  
[Grieg, Georg]: Martin Luthers litle katekisma. Bjørgvin.

[1868?]:

Janson, Kristofer: Fyregangsmannen. Preika paa 1ste Sundag i Advent. Bergen.  
Janson, Kristofer: Frelsaren. Preika paa 1ste Joladagen. Bergen.  
Janson, Kristofer: Fylgjesveinen. Preika paa 2dre Joladagen. Bergen.

### 1869

Janson, Kristofer: Tri preikor fyre det norske Landsfolket. Bergen.  
Janson, Kristofer: Soldatboki elder korleis ein Kristen skal fara aat naar han vil verta ein dugande Stridsmann fyre Gud og Riket hans. Bergen.  
[Blix, Elias]: Nokre Salmar I.  
[Fjørtoft, Olaus J.]: Ignatius som i aaret 116 laut døy for si kristne tru (Etter dansk). Kristiania.

### 1870

Evangeliet etter Markus [oms av Georg Grieg]. Gjertsens forlag.  
[Blix, Elias]: Nokre Salmar II

### 1871

[Fjørtoft, Olaus J.]: Jesu talar. Han skal sjøl tala. Kristiania.  
[Werenskiold, Werner]: St. Johannes Evangelium i Bygdemaal fraa Vestre Telemarken. Kristiania.

### 1872

[Paulson, Olav]: Gudelege smaastykke til helgarlesnad I. Bergen.

### 1873

Grundtvig, N.F.S.: Paaskelilja. Umsett av Klaus Høyem. Trondheim.  
Høyem, Olav J.: Barnlærdomen eller den litle katekjesen hans Morten Luther (Dei fem partane). Nidaros.

### 1874

Høyem, Olav J.: Barnlærdomen eller den litle katekjesen hans Morten Luther, 2dre utg. (heile boki), Omsæt og lint læmpad og med førreord aat vaksne. Oslo eller Kristiania.  
[Paulson, Olav]: Gudelege smaastykke til helgarlesnad II. Bergen.

**1875**

[Blix, Elias]: Nokre Salmar III

**1877**

Aarrestad, Sven: Kakjesboki eller Barnalærdomen vaar. Av Morten Luther. Stavanger.  
Gudelege smaabøker I [oms av Ivar Mortensson, Arne Garborg og Gunnar Frette]. Kristiania.

**1878**

Gudelege smaabøker II [oms av Ivar Mortensson, Arne Garborg og Gunnar Frette]. Kristiania.

**1880**

Kempton, Tomas fraa: Um Kristi etterfylgging. Umsett fraa latin av J. Belsheim. Kristiania.

**1881**

Høyem, Olav J.: Den helige saga og kjørkjjesaga paa norsk av . . . ., serleg skreve etter ”Større Bibelhistorie en haandbog osb ved J.T.A. Tang i Danmark. Nidaros.

**1882**

Baartvedt, Alf: Kristeleg barnelæra.  
Apostelen Pauli Brev til Romararne. Kristiania.  
Paulson, Olav og Hans Mo: Bibelsaga. Bergen.

(1882/83)

Baartvedt, Alf: Kristeleg tru og livnad. Ei lærehistorisk handbok. Kristiansund.

**1883**

Evangeliet etter Markus. Kristiania.  
[Blix, Elias]: Nokre salmar. Andre auka utg.

**1884**

Arctander, A.M.St.: Peters fyrste brev. Kristiania.  
Evangeliet etter Lukas.

**1885**

Mo, Hans: Religionslærebok etter Pontoppidans forklaring. Kristiania.  
Stalleland, Kristen: Ei bønebok mest etter Ludv. Hofacker ved ... Oslo. Utklipp or  
“Fedraheimen”.

**1886**

Evangeliet etter Mattæus.

**1887**

Apostelgjerningar.  
Apostelen Pauli Fyrste Brev til Korintiarne.

**1888**

Apostelen Pauli Andre Brev til Korintiarne og hans Brev til Galatarne.  
Apostlarne Jakobs, Johannes', Petri og Judas' Brev.  
[Blix, Elias]: Nokre salmar. 3dje utg.

## 1889

[Barstad, Johannes]: Kristelege songar or Bladet "Stille Stunder". Egsæt.

Evangeliet etter Johannes.

Apostelen Pauli Brev til Efesiarne, Filipparne, Kolossæarne, Thessalonikarne, Timotheus, Titus og Filemon.

Brevet til Hebræarne.

Johannes Openberring.

Det nye testamente.

## 2. Or Romarbrevet v/Jacob Rasch ca. 1700

<i>Or Rom 1 til dansk v/Rasch ca. 1700</i>	<i>Or Rom 1 til norsk v/Rasch ca. 1700</i>
1. Paul, Jesu Christi tiener, som var kaldet til at være en et Sendingsbud, (det er,) synderlig beskikket til at forkynde Guds glædelige buskab,	1. Podl, Jesu Chrsti tenar, saa va kadlæ te a væra senningsbu, dæ æ aa betya serdæillis atlæ te a sæja Guds gleæligiæ buschab,
2. (nemlig) det Gud fordem ved sine hellige spaamænd haver lovet i de hellige Skrifter	2. nemlig dæ Gud formelst serligiæ spaamænnene sine laabdæ fordem ti dej heligiæ schrøbtæ,
3. om ssin Søn, som blev født af Davids afkom, saa vit hand var et mennesche	3. om sonnen sin, saa blei føddæ a Davids ætt, saa vit han va eit menniskie,
4. (men) at hand var Guds søn, vidnede hand uigiendrivelig efter sin Guddommelige aands virkning af sin opstandelse fra de døde, denne person er Jesus Christus voris Herre	4. men at han va Guds son, dæ provdæ han uryggielegt ebtæ si gudomæligie aands verk mæ si opstannelse fra død, dennæ kar æ Jesus Christus okka herræ.
13. Brødre, ieg vil ikke dølge for Eder, at ieg hid til dags er hindret at komme til Eder, det ieg ofte har haft omsorg for, paa det ieg kunde faa udrettet noget til gafns hos Eder, saa vel som hos de andre hedningene.	13. Brøiræ, æg vil inkie dølijæ fø dokke, at æg te dags æ hinræ a komme te dokkæ, dæ æg mongæ gongæ hæve habt omsud fø, paa dæ æg kunnæ faa giort einqvart nyttout siaa dokke saa vel saa siaa de aandre hæiningie.

Etter Sigurd Kolsrud i *Syn og Segn* 1950 ss. [97]-111.

## 3. Frå Krossen er din v/Engvald Bakkan

... Knut tykte han hørde molda på kistelåket då presten las ritualet. Hr. Herman hadde slik ein stygg sleng med armen når han kasta dei tri nevane sand. Og så dette stygge danske målet! Dai og mai!

Han *erindrede maiet vel*, sa han den gangen han *kopulerede velagtede karl* Knud og *velagtede pige* Herborrig. Då fekk han ein halv daler.

Hvad haver du så at give mig når jeg nu skal vie din kvinde til kristen jord at sove udi til opstandelsens morgen? Haver du ko? Melker hun godt? Høstbær? Godt! Presten fingra med snusdåsa. Med lange stans snakka han. Han såg Knut sjeldan i kyrkja, sa han. Ikkje var han til alters i vår. Hm? Førefall? Så. Vel, du bringer den ko til prestegården dagen før begravelsen. Haver du mange geder? Jeg behøver ost ...

(Or I: *Rakel og kvervelvinden* 1947, ss. 27–28).



- Denne parabel er i sandhed et billede på menneskins liv her og hisset. Her mødes vi langs voris vildsomme veje, her nødes vi af Kirkens kalden til at vandre ind Himmeriges løv- prydede dørr. Men hør Evangeliets klare ord. Det båder os intet ihvad vi monne staffere os med af alskøns stads. En silkeserk er intet bedre end en hampeskjorte, et dolligt ansigt intet bedre end en spedalsk dødningemaske. Med eller uden guldpunge i voris pung, med eller uden tro i voris hjerte – det napper os intet.

Ikke jeg siger det, men den Hellige Læst. Ti så siger denne voris tekst: For *Hannem* ere vi alle – alle – ikkuns en håben månesyge kanuter og pokkerslagne kompaner. Ja, selv om vi står med begge voris støvede fødder inden for terskelen i bryllupshuset, ved *ingen* af os ihvad der skal times os når husets Herre stiger frem fra sitt kammer.

(Or II: *Gjennom fossane* 1948, ss. 243–244).

- I Jesu navn, hvem er I? ropa han høgt. Var det eit djevelens blendverk han såg, måtte det kverve for det heilage navnet.

Dei to kvarv ikkje. Dei stega seint hit så dei stod på sida av hesten. Han såg ned i to gamle menneskeanlet.

- Go dagjen, prest! sa dei.

- Goddag. Men jeg spørger igjen: Hvem er I?

- Tvo armings ting. Me ha så gjønne vilt bli'e forlikte mæ Gud og menneskje! – Det var kvinna som tala. Mannen nikka sterkt med det kvite hovudet.

- Jeg mindes ikke at have seet Eder i nogen af kirkerne, verken i Åmli hovedkirke, eller i Gjevedal, Topdal eller Møkland anneks?

- Nei. Me he alder vor i kjørkje – i di ti ...

(Or III: *Regnbogen i toreskya* 1952. s. 248).

#### 4. Paulus og Agrippa (Apg 26) v/K. Leem etter L. Holberg

<p><i>Knud Leems (noko frie) avskrift etter "dend Navnkundige Historie-Skrivers Hr: Baron Ludvig Holbergs Kirke-Historie":</i></p>	<p><i>Tilhøyrande omsetjing til norsk "efter dend i Augvoldsnæs Præste-gield udi Carmesunds Provstie i Christiansands Stift beliggende bruugelige Dialect":</i></p>
<p>Men, da hand saa talede, raabte Festus over lydt: Du est ikke klog, Paule! Din Lærdom haver gjort dig rasende; Hvortil Paulus svarede: Det er Sandhed og Viisdom, som kommer mig til at tale saaledes. Jeg taler dristelig til Kongen, som er kyndig i disliige Ting, og som troer Propheterne. Agrippa sagde da: Der fattes ikke meget paa, at du jo overtaler mig selv til at blive een Christen. Hvortil Paulus svarede: Gid du, og alle de, som her tilstæde ere, maatte blive, ligesom jeg, undtagen disse Lænker, som jeg bærer!</p>	<p>Men, daa han so talte, ropte Festus høgt: Du æ inkie, klok, Povel! Lærdommen din hæve giort de rasande. Derte svarte Povel: Dæ æ Sandheit, aa Visdom, so kiæme me te aa tala soleis. E tala dristelæge te Kongien, so veit vel om soverne Ting, aa so truur Prophetane. Daa sa Agrippa: Dæ feyla inkie mykkie paa, at du ey tala me siøl øve te aa varta ein Christen. Derte svarte Povel: Gie du, aa alle dey, so her e testear, maatte bli, likaso E, undetakande disse Lænkiene, so E dræge.</p>

## 5. Or boda v/Hans Barlien 1800

*Utdrag frå Trondhiems Budstik nr. 9, 1.3.1800.*

De føst Bue: Du ska int ha naakaan framund gu istan for mæg. De e de sama som: du ska føri Alting frøgt aa tykja om Gu, aa bære forlat dæg paa han [...]

De trede: Kom ihau aa halt Hehlja om Synda-an. De e: int aa foragt hæl forsøm Gusohla, men hæller hold dem i Æra, aa væra gla naar me højri dem taa di anner, aa sjaa saa tee at me leri dem me [...]

De tian: Du ska int tænk aa ta ifraa Naakaan enten Kjæringa hans, Dræin-en hans, held Tausa hans, int Oxin hæld Hæsten aa int naakaa taa alt det, som højre aam te. De e de sama som: me ska frygt aa tykja om Gu, aa int ta ifraa vor Næste enten Kjæring, Tjenara hæld Krøtør me naakaa Slags Skjælmheit hæld Magt; men hæler tæhli Tjeneran te aa bhli i Mak qvar hos sin Husbon.

Om al dider Bua seje da Gu i den 2. Mosebook 20 Cap. 5, 6. V.:

Æg e Herren din Gu, baade stræng aa nøje, som straffa Baainna fer de Foreldra hi synna, alt aat tredi aa fjær Lei; men saa gjer æg vehl imot dem i tusind Lea, som tykja om mæg aa hæil Bua min. De e: Gu trua dem hahlt, som int heil diher Bua, derfor skal me agt os saa me int gjærn vrej, men hævler hald Bua. Derimot laavan dem Naai aa alt Godt, som hæil Bua hans, derfer saa e de bæst, at me tykje om en aa lit paa en, og gjær som en befaili os.

Ingen Under troer jeg Nogen maatte holde det for, at jeg som en Bonde, bemøjer mig med det, som ej kommer mig ved; men om saa skulde være, troer jeg dog, at en Bonde kjender bedst Bonde-børnenes Nemme og Lejlighed, og hvor tungt det er, besynderlig for de Børn, som ej begynde at læse førend de ere 7 a 8 Aar, at lære det danske Sprog. Derfor, dersom mine Venner de smaa Lærlinge skulde ved denne Oversættelse lidt snarere fatte Meningen af Budene, og altsaa snarere lære det danske Sprog; da skulde jeg synes være rigelig belønnet, baade for den mulige Bagvaskelse og den liden Umage, jeg har havt med dette.

De lærevillige Bønderbørns sande Ven

*Hans Barlien*  
i Overhalden.

Etter O.S. Aavatsmark, *Hans Barlien* (1954) ss. 167–168.

## 6. Haugiansk bruk av barnelærdomen

Da jeg var i mit 16de Aar læste Jeg til Konfirmation, og det var i Aaret 1810. Den daværende Sognepræst til Voldens Kald var Jørgen Peter Meldal, som døde faa Aar derefter. Den dag, da de, der havde de fornødne Kundskabe til Konfirmationen, bleve udtagne, kan jeg ikke erindre, at han spurgte mig meer end eet Spørgsmaal, nemlig dette: “Hvad er det at prøve sig selv?” Da jeg havde læst Stykket til Ende, sagde han: “Ja, du har lært vel. Vor Herre hjælpe dig at leve derefter”. Disse Ord gikk mig til Hjerte, og jeg følte et levende Ønske om, at de maatte gaa i Opfyldelse, derfor have de ogsaa fæstet sig i min Hukommelse.

Blant det Meget af Guds Ord og aandelige Læreres Skrifter, som blev ligesom nyt for mig, var ogsaa det 672de Stykke af Pontoppidans Forklaring, hvori han forklarer, hvorledes Mennesket paa en subtil Maade og uformærkt kan falde ud af sin Daabspagt. Dette gjorde da Guds Aand saa klart og tydeligt for mig, at jeg ligesom kunde sige til mig selv: Her ser du nu, hvorledes det er gaaet til. Nu kunde da ingen Figenblade længere skjule min Nøgenheds Skam; thi jeg mærkede nu, at der behøvedes en langt kosteligere Klædning dertil, nemlig Frelserens Retfærdighed, som vi ved Troen maa lade os iføre.

B.K.S. Aarflot, *Selvbiografi* (1860); ny udgave (1978) ss. 27 og 31.

## 7. Frå programartikkelen i opningsnummeret av Dølen

Dølen var i lang Tid ein vanvyrd Mann; men, Gud ske Lov, no er den Tid snart ute, og han dristar seg hermed ut i By og Bygd. Han vilde gjerne tala med Folk om Eit og Annat paa Hjartat; men han veit ikki [ki uttales kji] ret, hvad Maal han skal mæla. Han kunde nok tala dansk, det er ikke for det; men han vilde no helst vera norsk, som han er fødd. Full norsk torer (tør) han dog ikki vera, for det at Mange ikki vilde forstaa honom [...] Mit Maal, like solitit som noken annen Manns no for Tidi, verdt vel vonleg det endelege; men af desse Emner og andre til vil i Mannsaldrer eit nytt heilt og velklingande Maal ihopsetjast, som Skalden vil kunna spila paa som eit velstemt fulltonande Orgel [...] For Opplysning vil Dølen virka, alt det, han kan. Skolelæraren lyt faa betri Løn, men so lyt han og læra meir, og framfor Alt lyt han kunna Oldnorsk og dei beste Bygdarmaal. Det er Spott og Spe, at Skolelærarar, Prestar, Domarar og alle andre Statens Tenarar (Tjenere) læra so ugryneleg mykit, men ikki det Maal, vore Fædre talade og det, som Folket no talar. Det vil verda eit Bisen [af bisna, glo] for Framtidi dette. Folk vil sjaa paa os med sama Rædsla, som vi no sjaa paa deim, som berre talade og skreiv Latin.

[A.O. Vinje], “Dødens fyrste Ord”, *Dølen* nr. 1, 10.10.1858. Dei ordinære parentesane i sitatet står sameleis i originalen. Det eg her har sett som hakeparentesar, er fotnotar i avisa.

## 8. Sokneprest Jægers attest til J.E. Unger

Johann Einar Unger har nu i henved 6 Aar været min Personelkapellan og i hele den Tid stedse vist sig som en Mand, der i enhver Henseende er al Ære og Agtelse værd. Hans Foredrag og Katekesiation i Kirken har stedse været til Menighedens Opbyggelse. Ofte har han holdt Bibellæsning, og meget har han arbejdet paa Skolelærernes Dannelse, Kirkesangens Forbedring og Missionssagens Fremme. Med stor Uegennyttighed og vist til Velsignelse virkede han forrige Vinter med Utrættelighed som Bestyrer af en da i Gang værende Folkehøiskole. Han er ogsaa Stifter og Bestyrer af en Forening mod Mishandling af Dyrene. Menigheden omfatter ham derfor med Agtelse og Kjærlighed og vil med mig med Beklagelse se ham forlade Prestegjeldet for at gaa bort til en mer selvstendig prestelig Virksomhed, til hvis Opnaaelse jeg alligevel ikke kan andet end herved paa det bedste anbefale ham.

Vigør Prestegaard d. 2 November 1870. J Jæger.

Attest frå sokneprest Jens Jæger (1805–1874) til personellkapellanen Johan Einar Unger (1831–1911); Ungers mappe i “Geistlige embedssøknader”; RA, K-dept. A.

## 9. Evangelieomsetjing v/Ivar Brovold 1853

### *“11te Søndag Trinitatis Evangelium:”*

Aat Nokkere, so stola paa se sjøl, at dei va retfærdig, aa føragta Andre, sa Jesus dénné Lekneln:

Tvo gjik op i Kjerkjaa før aa be; dein eine va’n Farisæar, aa dein andre va’n Toillar. Farisæarn blei standande før se sjøl aa ba soleisn: “J takka de Gud! At J’kje e so andra Meinniskjo, Røvar eiller Oretfærdig eller so, so dénné Toillarn. J fasta tvo Gaange i Veken aa gje Tien taa ailt, J eig.” Aa Toillarn sto langt borte aa velde’kje løft op Auen mod Hemmela; men slo se før Bræste aa sa: “Gud! Varre me Sondar naadig!” I sei dokkaa: “dénné gjik retfærdiggjort ne i set Hus framfør dein andre; thi kvain se sjøl ophøia ska førnedras, men kvain se sjølv førnedra ska ophøias.”

(Luk 18, 9–14)

### *Or ”Midfaste Søndags Evangelium:”*

Daa gløste Jessus utover aa saag mykje folk, so va komme aat naa, aa sa aat naa Filippus: “kvar fraa ska me kjøpe Brø, so dessin kain faa æte?” Men’n sade bære før aa freist’n, for’n væste sjøl, kva’n velle gjære. Filippus svara naa: “Brø før tvau Honder Penninga e’kje nok, so kvar kain faa’n Litngran. Ein taa Disciplaa has, Andreas, Bror has Pe, sa aat naa: “Her e’n litn Gut, so he fem Bøgbrø aa tvo smaa Feska; men kva e de ‘blandt so maingje?” Men Jessus sa: “Ha Folkje te sætte se nepaa;” men de va mykje Gras paa dei Fleikkja. Daa sætte Mæin se ne, mæsta fem Tusn i Tal. Men Jessus tok Brøn, aa takka Gud, aa flidde Disciplaa dei, men Disciplain æilha dei aat Folkje, so ha sæt se ne, aa likeso taa dei smaa Feskaa, so mykje dei velde.

(Joh 6, 5–11)

Utdrag av omsetjingar gjorde av læraren Ivar Brovold i Tresfjord til eit stykkje av sokneprest O.T. Krohg i *Morgenbladet* nr. 85, 26.3.1853.

## 10. Gamalnorsk julepreike med omsetjingar

<i>Norrønt ca. 1200</i>	<i>Nynorsk 1877</i>	<i>Bokmål 1971</i>
<p>Hvat var tit á þeirri not, er guð var boren vár drotten? Þa fór Augustus kæisare með mycclum hær til Betlehéem borgar þeirrar er guð var boren í. En þa sa kæisaren up til himna, oc sa stiornu eina liosare en hann hafðe fyrr sena. Þa mintisc hann hvat spamenn hæfðu fyrir spát um burðr guðs. Oc þærir sogðu, at æin maðr scyldi vera boren af ræinni möyiu, oc hann myndi vera callaðr Jesus, oc sa er hinn sælaste burðr er boren var. En sa er a hann truir hann man lifa með ænglum oc hans hægum, þar er æigi hungur ne þorste, ne ælli, ne myrcr, ne óp, ne ræimr, ne væinan, ne gratr, ne sorg, ne sarlæicr. Ðar er lios fyri utan myrcr og líf fyrir utan dauða, æska fyrir utan ælli, hæilsa fyrir utan sótt.</p>	<p>Kvat var som gjekk fyr seg paa den Notti, daa Gud var fødd, vaar Drottin? Daa foor Keisar Augustus med stor Her til Betlehem, den Borgi, som Gud var fødd i. Men daa saag Keisaren upp til Himmels og saag ei Stjerna ljosare enn han fyr hadde set. Daa minntest han, kvat Spaamenn hadde fyre spaat um Guds Fødsla. Og dei sagde, at ein Mann skulde vera fødd av reinan Møy, og han skulde vera kallað Jesus, og det er hin sælaste Fødsla som fødd er. Men den som trur paa honom, han skal liva med Englom og dei Heilagom, der som ikkje er Hungr og ikkje Torste og ikkje Alderdom og ikkje Myrkr, ikkje Skrik og ikkje Ank, ikkje Jamring, ikkje Graat og ikkje Pine. Der er Ljos fyrutan Myrkr og Liv fyrutan Daude, Ungdom fyrutan Alderdom, Helsa fyrutan Sott.</p>	<p>Hvordan gikk det for seg i den natten da Gud, vår Herre, ble født? Da drog keiser Augustus med en stor hær til Betlehems by, hvor Gud var født, og keiseren vendte blikket mot himmelen og så en stjerne, lysere enn noen han før hadde sett. Da mintes han hva profetene hadde sagt om Guds fødsel, for de sa at et menneske skulle fødes av en ren jomfru, og han skulle kalles Jesus. Dette er det sæleste barn som noen gang er kommet til verden, og den som tror på Ham, skal leve sammen med englene og Hans helgener. Der er verken sult eller tørst, alderdom eller mørke, skrik eller jammer, tårer eller gråt, sorg eller smerte. Der er det lys uten mørke, liv uten død, ungdom uten alderdom, helse uten sykdom.</p>
<p>C.R. Unger (utg.), <i>Gammel norsk homiliebog</i> (1864) s. 60.</p>	<p><i>Fedraheimen</i> 22.12.1877; Opplyser at dei har oms. frå Unger, og “Maalet hev me gjort so likt det gamle som me trudde det gjekk an”. Til utsegna om at keisaren fór til Betlehem med stor hær, har omsetjaren sett denne fotnoten: “Presten hev ikkje vore fullstød i Bibelen sin, er det likt til”.</p>	<p>Astrid Salvesen (oms.) og Erik Gunnes (utg.), <i>Gammelnorsk homiliebok</i> (1971) s. 46.</p>

## 11. Luthers “Ein’ feste Burg” i tre landsmålsutgåver

<i>Ivar Aasen 1855</i>	<i>Ivar Aasen 1869</i>	<i>Elias Blix 1869</i>
<p>Vaar Gud er oss so fast ei Borg, So god til Vaapn og Verja; Han ver oss i vaar Naud og Sorg Mot alt, som her vil herja. Vaar gamle Fiendsmann Væl freistar alt, han kann. Stor List og myki Magt Han heve mot oss lagt. Hans Jamning finst her ingen.</p> <p>Med eigi Magt me inkje vann, Me var snart underlagde; Men med oss er dan rette Mann, Som Gud oss sjølv tilsagde. Og spyrr du, kven han er: D’er Krist, som fyr oss ver; D’er Himmels Kongen prud, Dan rette, sanne Gud. Sitt Rom han væl maa verja.</p> <p>Um Verdi full av Djevlar var, Som vilde reint oss glupa: Me liti Rædsla i oss bar; Me skulde inkje stupa. Kor arg i all si Ferd Dan Myrkheims Høvding er, Han fær dan inkje fram; Han alt er dømd til Skam; Eit Ord kann honom driva.</p> <p>Dat Ordet skal dei lata staa Og burt med Vantakk venda. Vaar Herre sjølv vil vera hjaa Og Magt og Mod oss senda. Og taka dei vaart Liv, Gods, Æra, Born og Viv: Dat vil me vyrda knapt; Dei hava endaa tapt, Og vaart skal Riket vera.</p>	<p>Vaar Gud han er vaar faste Borg, vaar gode Skjold og Verja; han hjelper oss or Sut og Sorg, naar Trengslor um oss herja. Den gamle Fiend’ er med Ufred atter nær; stor Magt og Svik dertil han mot oss nøyta vil. Paa Jord er ei hans Like.</p> <p>Vaar eigi Magt vist inkje vann, me maatte snarleg falla; men med oss er den rette Mann, som Gud leet sjølv tilkalla. Hans Namn du kjenner vist, han heiter Jesus Krist. All himmelsk Herremagt er under honom lagt; sin Stad han vel maa verja.</p> <p>Um Verdi full av Djevlar stod, som ned oss vilde støyta, me skulde endaa hava Mod og fram til Siger trøyta. Um Heimsens Fyrste vil oss illa reida til, hans Vilje litet gjeld: han alt er dømd og felld; eit Ord kann honom fella.</p> <p>Det Ordet skal dei lata staa og burt med Utakk venda; for Herren sjølv vil til oss sjaa og oss sin Styrke senda. Og toko dei vaart Liv, Gods, Æra, Born og Viv, det alt me vyrda knapt, dei hava endaa tapt: Guds Rike vaart skal vera.</p>	<p>Vaar Gud han er so fast ei Borg. Han er vaar Skjold og Verja. Han ver oss i all Naud og Sorg, Som Hjartat her vil herja. Vaar gamle Fiend gram Med aalvor no fer fram. Hans Vaapen her paa Jord Er List og Lygn og Mord. Hans Jamning ei er funnen.</p> <p>Vaar Magt ei gagnad oss eit Grand: Me felde var og daarad. Men med oss gjeng den rette Mann, Som Herren dertil korad. Og spyrr du, kven det er: D’er Herren fyr Guds Her, D’er Jesus Christ vaar Gud, Vaar Frelsar sterk og prud: Han Siger væl maa vinna.</p> <p>Um Verdi full av Djevlar var, Som vilde reint oss glupa, Me endaa ingen Otte bar: Dei skulo alle stupa. Og Fyrsten fyr den Her, Kor arg han og seg gjer, Oss inkje skada kann: Han er ein daud-dømd Mann, Eit Ord kan honom fella.</p> <p>Det Ordet skal dei lata staa Og Vantakk faa fyr Møda. For Herren sjølv vil standa hjaa Op med si And oss gløda. Og taka dei vaart Liv, Gods, Æra, Born og Viv: Lat fara, um so er! Me enndaa Siger fær: Guds Rike vaart skal vera.</p>

## 12. Nokre tidlege julevers på landsmål

Gud vere Lov og Æra / for denne Trøystar Læra,  
som kom av Himmelen ned, / det store Evangelje:  
“Paa Jordi er det Fred, / i Menneskja god Vilje!”

*Ivar Aasen (1860?)*

(3) Vi trængja Alle til ei Jol, / til Hvild fraa Aarets tunge Dagar.  
Den kjem lik Herrens haage Sol, / som Nott og Toku fraa seg jagar.  
Og Joli kjem so rein og hvit, / naar Soli snur sit Auga hit.

(8) Daa fylgja vi vor Jole-Gjerd: / og Jol um Jole-Kvelden skjota,  
og Jole-Laug og Jole-Ferd / og Jole-Drikk vi glade njota.  
Og Salt og Malt fraa Gardens Fe, / og Borni-Dans kring Joletre.

*A.O. Vinje (1858)*

(2) No kann ein, fulla, lova fjaag / dan vesle, som i Krubba laag.  
(4) Laag var han, sveipt i Filloskrud, / var do i Himlen eitt med Gud.  
(5) Mjo var han, bert ein liten Kind, / var do dan dyre Frelsar min.  
(6) Ja sterk han var, han burt seg gav / og sprengde Lekkja, sprengde Grav.

*Kr. Janson (1865)*

Herre, kveik Ljoset, at Folket di Barnaseng finne.  
Herre, tend Elden, at Songar or Bringa seg vinne.  
Herre, giv Graat! / Herre, med Gleda kom aat!  
Herre, giv Helg no i Norig!

Undarleg er Du, Storkonung i Himlen og Jordi,  
ligger i Linne med Ætti, som syndfull er vordi.  
Mægtuge Gud / fær Du slik Stakarsdoms Skrud!  
Herre, giv Helg no i Norig!

Herre, velkomen, velkomen kring Vogga Di klinge!  
Takk og Pris Folket den fatike Davids Son bringe.  
Take vaar Sut, / løyse or Syndi oss ut!  
Herre, giv Helg no i Norig!

*John Klæbo (1871)*

### **13. Jolakvæde av J.E. Unger**

(1) Dan litle væne Runnen, / Jesaias spaadde um,  
skal ein Stad vera funnen / i Dalen myrk og skum.  
I Skuggar, i eit Lende, / mest kjøvt med Vald og List,  
dar bar dat til og hende, / dar spratt dan grøne Kvist.

(7) Gud Fader! me deg lova / fraa inste Hjartarot  
fyr denne dyre Gaava / til all vaar Saalarbot.  
Du Herre vil oss syna, / at me lyt vera smaa,  
skal Gaava rett me skyna / og all din Kjærleik faa.

*Ferdamannen nr. 51–52, 4.1.1868.*

#### 14. "Bøn" av Hans Mo 1866

Gud min Fader! lat meg finna  
Kvild i opne Naadar Famn!  
Tvaa meg rein og hjelp meg vinna  
fram til deg i Jesu Namn;  
Syn meg Veg paa Livsens Straumar,  
Styr mitt Skip i stilla Hamn.

Tidleg eg min Prydnad slengde,  
dan eg fekk som liten Kind.  
Syndalarv eg paa meg hengde; -  
vil du sjaa meg, Frelsar min?  
Gøym meg i dan kvite Bunad,  
som du vann paa Krossen din!

*Ferdamannen* nr. 20–21, 28.3.1866.

Gud min fader, lat meg finne  
kvild i opne nådefamn!  
Två meg rein og hjelp meg vinne  
fram til deg i Jesu namn;  
Syn meg veg på livsens straumar,  
styr mitt skip i stille hamn.

Tidleg eg min prydnad slengde,  
den eg fekk som liten gut.  
Syndelarv eg på meg hengde; -  
vil du ta meg, med mi sut?  
Gøym meg i den kvite bunad,  
som din kross vann meg til lut!

Tillempa versjon 2006.

#### 15. Landsmålssalmar ved Klaus Høyem 1875

*Åndens heimattgâng.*

Vakker er jorda! / Stråland' er Guds himmel!  
Væn er åndens heimatt-gång!  
Gjenom dei fagre / Rikja på jorden  
Går vi åt Paradis med sång!

Tider skal koma, / Tider bort skal strøyme,  
Æt på æt skal gå sin gång;  
Aldrig lell tagner / Tonen frå himlom,  
Tonen på åndens heimvegsång!

Englarne sång han / Først åt julnathyrdom;  
Mildt frå sjæl til sjæl det klang:  
Fred over jorda! / Mannabarn, glæd deg!  
Frelsar frå Gud du tæk i fang!

*Trygd*

Alltid hugheil når du går / Vegjer, Gud tørs kjenne,  
Sjølv om du åt målet når / Først ved verdsens ende.

Ottas ei for mørkrets vald! / Stjernorne vil lyse;  
Fadervåret dit det skal / Fred i hjartet dryse.



Kjæmp for alt, som du har kjær, / Døy, om det saa gjælder,  
Då er livet ei saa svært, / Dauden ikkje heller!

Etter høvesvis Ingemann og Chr. Richardt;  
Omsette av K.H[øyem],  
*Bud for Menigmand* nr. 18, 15.12.1875.

### 16. Salme 148 v/J.E. Unger 1865

Love Drotten! Love Drotten fraa Himlarne! Love honom i Høgdi! Love honom alle hans Englar; lov honom, all hans Her! Love honom, Sol og Maane; love honom, alle lysande Stjernor! Love honom, Himlanna Himlar! og de Vatn yver Himlarne! Lovo skulo dei Drottens Namn, di at han baud, og dei vordo skapte, og han feste deim alltid og ævelega; ei Log han gav, som ingen mun yver stiga.

Love Drotten fraa Jordi, Havdyr og alle Djup, Eld og Hagl, Snjo og Toka, Storm, som fullfører hans Bod, Fjell og alle Høgder, Aldotre og alle Sedrar, Villdyr og all Fenad, alt krjupande og fljugande, Konungar paa Jordi og alla Tjoder, Hovdingar og alla Domarar paa Jordi, Sveinar og Møyar alle, gamle med unge! Lova skulo dei Drottens Namn, diat hans Namn er høgt aaleina, hans Høgtign er yver Jord og Himmel. Han reiste Hornet fyre sitt Folk, ein lovsong fyre alle sine gode Born, Israelsborni, dat Folket, som honom er nært. Love Drotten!

Salme 148 i *Ferdamannen* nr. 2-3, 11.11.1865.

### 17. Evangelietekster v/Kr. Janson 1869

*Matt 11, 2–6:*

Men daa Johannes hørde i Fengslet Kristi Gjerningar, sende han Bod med Lære-sveinom sine og sagde til honom: er du den, som koma skal, elder skulo me venta nokon annan? Og Jesus svarad og sagde til deim: Gange burt og kunngjere Johannes det, som de høyra og sjaa: blinde sjaa, og halte ganga; spitelske verda reinsade, og dauve høyra; daude standa upp, og fatige faa høyra Evangelium. Og sæl er den, som inkje støyter seg paa meg.

*Luk 2, 1–5 og 13–14:*

Men det hende i det Bilet, at det kom Bod fraa Keisar Augustus, at all Heimen skulde skrivast. Denne fyrste Innskriving vardt, daa Kvirinus var Hovding yver Syria. Og alle gingo dei til at lata seg skriva, kvar til sin eigen Stad. So foor og Josef fraa Galilæa or Staden Nasaret upp til Judæa til Davids stad, som heiter Betlehem, med di han var av Davids Hus og Ætt, og skulde skrivast med Maria, Festarkona si, som var med Barn [...]  
Og braadt vardt det hjaa Engelen ei himmelsk Hermengd, som lovad Gud og sagde: “Æra vere Gud i Høgdi og Fred paa Jordi og Godtokke yver Menneskja.”

K. Janson, *Tri Preikor fyre det norske Landsfolket* [1869] ss. [5]–6 og [25]–26.

## 18. Juleevangeliet etter Homilieboka og A. Chr. Bang

<p>Augustus konongr sende boðord um allan hæim at lata rita manntal í hverri borg, at hann vissi hve mykin scatt hann scylði hæimta or hverio heraðe. En sia ritning hofsc fyrst af Syrlannz iarle, þeim er Cyrinus het, oc for þa hver til sin heraðs. Ða for Joseph or Galilea i borg Dauíð, þa er Betléém hætir, með festarkono sinni Marie, þui at þau varo kyni Dauid.</p> <p>En er þau varo þar, þa fylðosc dagar Marie, oc bar hon son sin frumgeten, oc vafðe hon hann i ræifum oc lagðe hann i eto, þui at eigi var rum í gesta scala.</p> <p>En hirðar varo í því heraðe oc heldo natvaoco yfir hiorð sinni, engil guðs stoð hia þeim oc skæin mykit lios yfir þa, oc ræddosc þeir.</p> <p>En engillen mælte við þa: Eigi scolo þer ræðasc, þui at eg boða yðr mykin fagnað, þann er vera mon aollum lyð, þui at i dag er boren grøðare hæims Cristr drottenn i borg Dauíð. En þat er yðr marke, at þer munuð finna barn vaft í ræifum og lagt í eto. Ða gerðesc fiolðe engla með þessom æinum engle, oc louaðo aller guð oc mæltó: Dyrð se guði á himnum, oc á iorðu friðr monnum er gott vilia.</p>	<p>Men dat bar til i hine Dagar, at dar kom Bodord fraa Keisar Augustus, at dar i heile Verdi skulde ritast Mantal. Denne fyrste Mantals-Ritningi byrjade, daa Kyrenius var Jarl yver Syrialandet. Og alle gingo at verda ritne, kvar til sit eget Herad. Men upp gjekk ogsaa Joseph or Nazareth Borg til Judæa, til Davids Borg, som heiter Bethlehem, di at han var av Davids Kyn og Ætt, at verda riten med Maria Festarkona si, som var fremmeleg. Men dat bar til, medan dei voro dar, at Dagarne hennar Maria fyldest, at ho skulde føda, og ho fødde Son sin hin frumborne, og ho sveipte honom og lagde honom i ei Krubba, di at dar inkje var Rum fyre deim i Gjestastova. Og dar voro Hyrdingar i dette Herad, og dei laago ute paa Marki og heldo Vakor um Notti yver Buskapen deira. Og sjaa! ein Drottens Engil stod hjaa deim, og Drottens Dyrð glimade yver deim, og dei vardt ovrædde. Og Engilen sagde til deim: Inkje skulo de rædast, di at eg bodar dykk myken Fagnad, som skal vera fyre heile Lyden, di at idag vardt dykk boren ein Frelsar, som er Christus, Drotten i Davids Borg. Og dette er Merket fyre dykk: de skulo finna eit Barn, sveipt, liggjande i ei Krubba. Og strakst vardt dar hjaa Engilen ein himelsk Herjar-Fjølde,*) som lovade Gud og sagde: Dyrð vere Gud i Høgdom og Frid paa Jordi i dei Mænnom som han hever Hugnad til.</p> <p>*) Mengd; hugsaa “fjöllmennt”.</p>
<p>Or den gamalnorske homilieboka v/C.R. Unger (1864) ss. 67–68.</p>	<p>“Umskrift fraa gresk Maal av A. Chr. Bang, Prestemne”, <i>Den norske Folkeskole</i> nr. 1, 9.1.1868.</p>

## 19. Den bortkomne sonen v/Ivar Aasen 1859/1869

*Or Lukas 15:*

11. Ein Mann hadde tvo Søner.

12. Og den yngste av deim sagde til Faderen: Fader, lat meg faa den Luten av Godset, som høyrer meg til. Og han skifte Godset imillom deim.

13. Og nokre Dagar deretter tok den yngste Sonen all sin Arv og foor av til eit Land, som var langt burte; og der øydde han Arven sin upp i Ulivnad.

14. Men daa han hadde øydt upp alt, som han aatte, vardt der eit stort Uaar i dette Landet; og han tok til at lida Naud.

15. Og han gjekk avstad og feste seg til ein Bumann der i Landet, og denne Mannen sende honom ut paa Marki si til at gjæta Svin.

Eg trur paa den heilage Ande, ei heilag, aalmenn, kristeleg Kyrkja, Samlaget til dei heilage, Forlating fyre Synderne, Uppstanding fyre Lekamen, og eit ævelegt Liv. Amen.

*Fjerde Bøni. Giv oss i Dag vaart daglege Braud.*

Det er:

Gud giv vel daglegt Braud jamvel til vonde Menneskjer, vaar Bøn forutan; men me bid her, at han vil late oss skyna paa denne Velgjerningen, so at me tek imot vaart daglege Braud med Takksemd.

Med daglegt Braud meiner me her alle dei Ting, som tarvst til dette Livs Upphelde sosom: Mat, Drikka, Klæde, Sko, Hus og Heim, Aakr og Eng, Fenad, Pengar, Eigedom, ein god Ægtemake, lydige Born, true Tenestefolk, godlyndte og trufaste Herrar, god vetig Øverheit, godt Veir, Fred, Helsa, gode Seder, godt Namn og Rygte, trufaste Vener, gode Grannar o.s.b.

240. Kva bid me um i fjerde Bøni?

Um daglegt Braud.

241. Kvi kalla me det daglegt Braud?

Fyre di me skal vera nøyde med naudturvande Livsupphelde.

242. Kvi legg me til det Ord: i Dag?

Fyre di me ikkje skal vera ottefulle fyre dei komande Dagar, men lita paa, at Guds Miskunn er kvar Morgen ny.

243. Er det naudsynlegt aa bidja um det daglege Braud?

Ja, soframnt me ikkje i Trui bidja um og tek imot det som ei Guds Gaava, kann me ikkje hava den rette Velsegning av det helder.

*Femte Hovudstykket. Um Nattverdssakramentet.*

291. Kva er Nattverden?

Det er vaar Herre Jesu Kristi sanne Lekam og sanne Blod i Braud og Vin, innstiftad av Kristus, fyr at Kristne skal eta og drikka det.

292. Kva er det Gudsordet, som Jesus innstiftad Nattverden med?

Det er dei Ordi, som Jesus sagde i den Natti, daa han vart forraadd. Daa tok han Braudet, takkad, braut det og sagde: Take dette og eter det. Det er min Lekam, som verte gjeven fyre dykker. Gjere detta til Minning um meg.

Lika eins tok han og Kalken, takkad, gav dei og sagde: Drikke alle derav. Detta er Kalken fyre det nye Sambandet i mitt Blod, som vert uthellt fyre dykker til Forlating fyre Synderne. Gjere detta, so ofta som de det drikker til Minning um meg.

H. Mo,  
*Religionslærebok etter "Pontoppidans Forklaring",  
med Spursmaal og Svar paa Landsmaalet (1885)*  
ss. 12.15.19.28.34.

### 69. Vogts bibelhistorie med omsetjingar

V. Vogt, <i>Bibelhistorie med lidt af Kirkens Historie</i> (1858; her sitert etter sjette opplag 1864).	V. Vogt, <i>Bibelsoga med noko av kyrkjesoga</i> (ved Per Riste 1896).	V. Vogt, <i>Bibelsoga med ein stubb av kyrkjesoga</i> (ved Peter Hognestad 1910)
Gud kom Noa ihu og lod en Vind fare hen over Jorden; Vandene sank, og Arken stansede paa Ararats Bjerg. Noa aabnede et Vindue og slap en Ravn ud; den fløi frem og tilbage, indtil Vandet tørredes af Jorden. Derpaa slap han en Due ud; men da den ikke fandt Noget at hvile sin Fod paa, vendte den snart tilbage	Gud kom i hug Noa og let ein vind fara yver jordi; vatnet minka, og arki stansa paa berget Ararat. Noa opna ein glugge og let ut ein ramn; han flaug att og fram, til det vart turt paa jordi. So slepte han ut ei due; men ho fann ingen kvilestad, difyr kom ho att, og Noa rette ut handi og tok henne inn i arki. No bidde han i sju	Daa kom Gud i hug Noah og let ein vind fara yver jordi. Vatnet minka, og arki stana paa Ararat-fjelli. Noah let upp vindauga og slepte ut ein ramn. Den flaug til og fraa, til vatnet hadde torna burt av jordi. So slepte han ut ei duva. Men ho fann ingen kvilestad for foten sin, og kom snart attende til arki, og Noah rette ut handi og

<p>til Arken, og Noa udrakte sin Haand og tog den til sig. Nu biede han 7 Dage og lod atter Duen flyve ud. Den kom til-bage ved Aftenstid og havde et frisk Olieblad i sit Næb. Han biede atter 7 Dage og sendte Duen ud igjen; den kom ikke tilbage, og nu skjøjnte Noa, at Jorden maatte være tør. Vandet havde staaet over Jorden i over 1 Aar (s. 5).</p> <p>Det begav sig i de Dage, at der udgik en Befaling fra Keiser Augustus, at al Verden skulde indskrives i Mandtal. Og Alle gik for at lade sig indskrive, hver i sin Stad. Og Josef drog fra Nazaret i Galilæa til Judæa, til Davids Stad, som kaldes Betlehem, for at lade sig indskrive med sin Hustru Maria (s. 46).</p>	<p>dagur, og so let han dua fljuga ut att. Men um kvelden kom ho att med eit friskt oljeblad i nebben. Han bidde no sju dagar til, og sende so dua ut att. Men daa kom ho ikkje att. Og Noa skyna, at jordi var turr. Jordi hadde daa stade under vatn i yver eit aar (s. 5).</p> <p>Det hende seg i dei dagom, at det gjekk eit bodord fraa keisar Augustus, at heile heimen skulde verta innskriven i manntal. Og alle gjekk og skulde skriva seg inn, kvar til sin eigen by. Og Josef gjekk fraa Nasaret i Galilæa til Judæa, til Davids by, som heiter Betlehem, og skulde skriva seg inn med Maria si festarmøy (s. 48).</p>	<p>tok duva inn til seg. No bia han sju dagar og sende so duva ut att. Ho kom heim att i kveldingi, og daa hadde ho eit grønt oljeblad i nebben. Han drygde endaa sju dagar til og sende so duva ut att. Men daa kom ho ikkje att meir, og no skyna Noah at jordi maatte vera turr. Daa hadde vatnet stade yver jordi vel eit aar (ss. 9–10).</p> <p>Det hende seg i dei dagarne at det gjekk ut eit bod fraa keisar Augustus, at dei skulde halda manntal yver heile verdi. Alle gjekk daa og skulde skriva seg inn, kvar i sin by. Josef gjekk fraa Nasaret i Galilæa til Judæa, til Davids by som heiter Betlehem, og skulde skriva seg inn med Maria, festar-møyi si (s. 59).</p>
--	---	---

## 70. Or I.A. Fjortofts bibelsoge ved Lars Eskeland 1900

I denne tid gjekk det ut eit paabod fraa keisar Augustus, at all verdi skulde koma i manntal og verta skattlagd. Og alle gjekk og lét seg skriva inn, i den byen som ætti deira var ifraa. Og Josef drog med Maria, kona si, fraa Nasaret til Betlehem, Davids by, og skulde lata seg skriva inn der; for dei var baae av Davids ætt [...]

Daa barne var aatte dagar gamalt, vart det umskore og kalla Jesus, soleis som engelen hadde sagt. Daa Jesus var 40 dagar gamal, tok foreldri honom med seg upp til Jerusalem og bar honom fram for Herren i temple, og gav det offer som var paabode i Mose-lovi.

## 71. O.J. Høyems bibelsoge 1881 og 1901

Høyem 1881	Revidert 1901
<i>Den av leiðen komne sauðen (Luk 15).</i>	<i>Den bortkomne sauden (Luk 15).</i>
<p>No heldt alle toltakarar og storsyndarar seg åt Jesus for å høyre på guðsorðe; men framifrå-kararne og dei skriftlærde knauta over dette og sa: Nei sjå, æn han, som tek imot syndarar og et i lag með dem! Då tek Vårherre slik til orðs åt desse uvenom sine: Set no, at einkvan av døk gjæter 100 sauð uti heiðom, og at so ein av deim kjem av leiðen. Vil då ikkje kven som helst av døk setje-at dei 99 på beitesbergom og gjeve seg iveg på leiting og halde på, test han fin-at sauðen? Og når han har funne-at han, vil han með glede legge han på akslerne sine og bera han heim.</p> <p>Og når han so er heimkomen, vil han bede-åt-seg vener og grannar og segje åt dem: Gled døk no ilag með meg, di au! for no har eg funne-at den sauðen, som var komen av leiðen for meg! – Og det vil eg segje døk, at det skal vera større glede opi himmelen over det, at ein einaste syndar snur om-at på ret leið, æn over 99 retlátne, som ikkje har trong til å snu om-at.</p>	<p>No heldt alle tollmänner og syndarar seg aat Jesus for aa høyre paa guds-orde; men farisæingarne og dei skriftlærde knauta over dette og sa: Han tek imot syndarar og et i lag med dem! Daa sa Jesus aat desse uvenom sine: Set no at ein av døkk gjæter 100 sauder, og at so ein av deim kjem av leida. Vil daa ikkje kven som helst av døkk setje-att dei 99 på beitesbergom og gjeve seg iveg paa leiting og halde paa, til dess han finn-att sauden? Og naar han har funne-att han, vil han med glede leggje han paa akslerne sine og bere han heim. Og naar han so er heimkomen, vil han bede-aat-seg vener og grannar og segje aat dem: Gled døkk ilag med meg! for no har eg funne-att den sauden, som var komen av leida for meg! – Og det segjer eg døkk, at det skal vera større glede i himmelen over det, at ein einaste syndar hugvender seg, en over 99 retlaatne, som ikkje har trong til hugvending.</p>

O.J. Høyem, *Den helige saga og kjørkjesaga* (1881) ss. 271—272  
og

O.J. Høyem, *Den helige saga* (1901) ss. 255–256.

## 72. Or kyrkjesoga v/Rasmussen 1895

*I aaret 64 etter Kristus* brann Rom, og dei kristne vart skuldad fy aa ha kveikt paa byen. Daa kom det tunge pinslor yver deim. Mange vart drepne av ville dyr til moro fyr romararne. Andre batt dei fast til paalar, rente so olje ut yver deim og sette varme paa, at dei kunde lysa um næterne. I denne tid var det, at Peter og Paulus skulde hava lidet dauden.

[...]

I aaret 1811 vart det allskule i Kristiania, og dei tvo gudelege menn *Hersleb og Stenersen* lærde der upp prestar, som sidan um i landet forkynte Gudsordet reint og rett. *Vilhelm Andreas Wexels*, som var ven med Grundtvig, verkad som prest i Kristiania til stor velsigning alt til sin daude i 1866. Han skreiv ogso gudelege bøker og salmar og songar.

I. Rasmussen,  
*Kyrkjesoga fyr folkeskulen* (1895)  
ss. 5 og 53.



### 73. Bibelsoge på vossamål 1902

*Boda og bøna etter T. Skeidsvolls soge på dialekt:*

Du ska inkje ha fremande guda i staen fy meg! – Du ska inkje misbruka navne te Herren, din Gud; fy Herren ve inkje halda den uskulda so misbruka navne hans. – Kom i hug atu du heldt helligu kviledagjen! – Æra får din og môr di, so atu da kann ga deg vel aa du kann liva lengje i lande! – Du ska inkje slao i hel! - Du ska inkje driva hor! – Du ska inkje stela! – Du ska inkje vitna usant imot grannen din! – Du ska inkje væ forgjoru ette huse te grannen din! – Du ska inkje væ forgjoru ette kaana te grannen din, eldu tenarn eldu tenestegjenta hans, eldu oksn eldu asne hans, eldu noko tao da so høyre grannen din te.

Fader vaor, du so æ i himlane! Lat navne ditt vetta helliga! Lat rikje ditt koma! Lat da vetta ette din vilje pao jorne lik-eitt so i himmedln! Hjev oss vaort daglege brø i dag! Aa forlat oss vaor skuld, lik-eitt so me og forlata dei so æ skuldigje oss! Aa lei oss inkje inn i fristelse! Men frels oss ifrao da onda! Fy rikje æ ditt aa magtæ aa æra i adl evigheit! Amen.

T. Skjeidsvoll,  
*Bibelsogo pao vossamaol te hjelp fy smaoskulen* (1902)  
ss. 29 og 41.

### 74. Biskop Laache til Alf Baartvedt 1884

De skriver til mig på målet, og sender mig en bog på målet. Det ligger nær at mene, De altid taler og skriver på målet. Mens jeg godt liker, at vort folk taler sit eget mål, og tror, at målstrævet har sin gode betydning, skulde jeg dog ret inderlig bede Dem altid at prædike endnu kun i det norske sprog, hvori vi andre præster prædiker og som forståes af alle norske i vort land. Jeg ved, folk, som forsøgte at prædike i en bygdedialekt der ikke var deres egen fra begyndelsen, eller i et normal-mål de havde lært sig, ikke alene vakte latterfølelse hos mange, men endog forargede alvorlige tilhørere både med denne egenhed at tale på målet, forskjellige fra andre Guds ords tjenere hos os, og ved ukyndighed i ord og vendinger, så de talte hvad de ikke burde; thi vore målfører er mangfoldige, og de samme udtryk giver ofte på forskjellige steder helt forskjellig mening. Tal de k[jære] v[enn], i samme mål som vi andre norske præster, da kan De være vis på, at alle forstår Dem, og lad himlens ild brænde i Deres ord [...]

N.J. Laache til A. Baartvedt 25.4.1884  
etter Trondheim biskops kopibok.  
Den nemnde boka var Baartvedts  
*Kristeleg tru og livnad* (Kristiansund 1882/1883).

## 75. Om og av Anders Hovden i Kristiania Dagsavis 1899

### En Landsmaalsprest.

—  
Misforstaatt Iver.  
—

Stiftskapellan i Kristiania Stift, Forfatteren Anders *Hovden*, holder nu af og til sine Prædikener paa Landsmaal. Saaledes ogsaa forleden Søndag i Soons Hovedkirke. En af Bygdens mest formuende Mænd blev saa forarget derover, at han gikk ud af Kirken midt under Prækenen. Hr. Hovden er Søndmøring, saa det er rimeligt, at Menighederne i Kristiania Stift føler sig stødt over fra sin Kirkes Prædikestol at være nødt til at høre Evangeliet forkyndt paa en af de vestlandske Bygders mest udprægede Dialekter.

*Redaksjonell notis,  
Kristiania Dagsavis nr. 11, 13.1.1899.*

### En Redegjørelse.

—  
Hr. Redaktør!

Deres Avis omtaler den ubetydelige Hændelse, at en Mand i Vestby forlod Kirken under Prækenen, fordi jeg talte Landsmaal. Og saa tilføies der i Deres Avis *at det er ikke ventende, at Østlændinger skal kunne forstaa min Søndmørsdialekt.*

Dette sidste vil jeg svare paa:

Jeg har været mange Aar paa Østlandet og dagligdags altid talt min Dialekt; men jeg har aldrig mærket noget videre til denne Mangel paa forstaaelse. Og alt færre og færre Nordmænd har jeg truffet paa, som er blevne grebne af Panik ved at høre en lidt mere norsk og national Klang og Lyd i Sproget end det sædvanlige.

[...]

Forresten hvad mig angaar: I min Stilling som Præst saa maa Maalsagen selvsagt være i anden Række for mig. Jeg præker for det meste paa dansk-norsk, men vaager mig stundom til at prøve med Maalet. *Og kun dersom Folket liker det og siger de forstaa det, fortsætter jeg dermed.*

Dette er Tilfældet i Soon, hvor jeg altsaa nu kun taler Maalet.

Soon 20/1 99.

**Anders Hovden.**

*Kristiania Dagsavis nr. 18, 21.1.1899.*

## 76. Brev frå Bondeungdomslaget til biskop Bang 1901

Oslo, 13. janr. 1901.

Høgvyrde bisp!

De kjenner vonleg til at det no vel eit aars tid hev vore eit “bondeungdomslag” her i byen. Mange gode menn – millom dei maa serleg nemnast Chr. Bruun – hev hjelpt oss med fyredrag, og lage hev gjort god framgang.

Fyrr jol gjorde eg framlegg um at lage skulde arbeida til aa faa ei landsmaalsgudstenest i ei av kyrkjorne i jolehelgi. Tanken vann samhug hjaa alle, og Chr. Bruun gav løyve til at gudstenesta kunde verta haldi sundag millom jol og nyaar i Johanneskyrkja. Men det vart ikkje stor fagnaden for oss som gledde oss til denne høgtidsstundi. Det vart ingen prest aa faa. Me vona at seminarstyrar Bernt Støylen vilde koma, og me baud oss til aa kosta ferdi fraa Notodden. Men han ævde seg, og sjukdom var det i heimen hans. Peter Hognestad vilde helder ikkje taka det paa seg. Og daa det fyrste tiltake er vandaste, laut me samstava med Chr. Bruun i, at det ikkje kunde nytta aa beda ein av byprestarne, som t.d. Halfdan Møller, gjera det.

Eg tykkjer tanken er for stor til at me kan gjeva han upp. Difor vender eg meg no til Dykk. Chr. Bruun fortalde at De eingong skulde ha late ord falla um at De vilde halda preike paa landsmaal ein 17de mai.

Ingen kan betre enn De ganga fyre her. Det vilde skapa vyrdnad hjaa dei som elles hæder alt “maalstræv”, naar Oslobispen stod fram og vigsla det norske maale i kyrkja. Og det vilde syna at De skynar hjartetrongi hjaa den heimlause bondeungdomen her i hovudstaden.

Men me kan ikkje godt venta so lenge som til 17. mai; daa kunde me ikkje faa nokor ny landsmaalsgudstenest fyrr til hausten. Og det er von til at fleire maalkunnige prestar elder prestlærde menn vilde koma og halda preikor, naar De gjorde fyrste tiltake. Peter Hognestad hev lova aa tala i paaskehelgi.

Me vil gjerne skapa hyggje for landsungdomen og hjelpa han til aa halda seg uppe. Men daa maa kyrkja gjeva si hjelp. Det er altfor lite for oss unge, serleg oss bondefødde, her i bykyrkjorne, endaa det ikkje vantar dugande prestar. Det maa verta meire som dreg ungdomen til kyrkja, – meire for dei som dregst med tvilsmaal og held paa aa missa vyrdnaden for det høge og heilage – og dermed den beste styd i livsens stridar.

Kunde De gjera noko til aa faa ungdomsgudstenester paa norskt maal her i byen, so vilde det vera ei gjerning som fyrst og fremst ungdomen, og dinest foreldri utyver lande vilde signa og takka for. Valde ein den laglegaste tid og fekk dugande talarar, menn med fritt og vidt syn, menn som skyna ungdomen, so kjenner eg meg trygg paa at det skulde verta folk-samt um preikestolen.

Med høgvyrdnad  
Klaus Sletten,  
Formann i Bondeungdomslage.

## 77. Variantar frå Genesis kring 1900

Utdrag or Josef-forteljinga; her frå 1 Mos 37 og 47:

<i>Johs. Belsheim 1890-åra</i>	<i>Belsheim v/Flo 1898</i>	<i>A. Seippel 1905</i>
<p><u>Kap. 37</u>            3. Og Israel elskade Josef framfyre alle sine Søner, avdi han var hans Alderdoms Son, og han hadde gjort ein sid Kjole til honom.            4. Og hans Brøder saag at deira Fader elskade honom meir enn alle hans Brøder, og dei hatade honom og kunde ikkje tala venleg til honom.            5. Og Josef drøymde ein Draum og fortalte det til sine Brøder, og daa heldt dei paa aa hata honom enno meir.</p> <p><u>Kap. 47</u>            1. Og Josef kom og forkynte Farao: "Min Fader og mine Brøder med sitt Smaafe og Storfe og alt det dei hava, ero komne fraa Kanaans Land, og sjaa dei ero i Gosens Land."            2. Og av alle sine Brøder tok han fem Menner og stelde deim fyre Faraos Andlit.            3. Og Farao sagde til hans Brøder: "Kvat er dykkar Næringsveg?" Og dei sagde til Farao: "Dine Tenarar ero Fehjuringar, baade me og vaare Feder."            4. Og dei sagde til Farao: "Til aa bu i Landet som Framande ero me komne; og der er ikkje Beite til den Smale som dine Tenarar hava avdi Hungeren er hard i Kanaans Land; og no, kjære, lat dine Tenarar faa bu i Gosens Land!"</p> <p><i>NBO, Ms 8° 1544.</i></p>	<p>3. Og Israel elska Josef framfor alle sine Søner, av di han var hans Alderdoms Son, og han hadde gjort ein sid Kjole aat honom.            4. Og Brørne hans saag at Far deira elska honom meir en alle Brørne hans, og dei hata honom og kunde ikkje tala venleg til honom.            5. Og Josef drøymde ein Draum og fortalte det til Brørne sine, og daa vart dei endaa meir hatige paa honom.</p> <p>1. Og Josef kom og forkynte Farao: "Min Far og mine Brørar, med sitt Smaafe og Storfe og alt det dei hev, er komne fraa Kanaans Land; og sjaa, dei er i Gosens Land."            2. Og av alle Brørne sine tok han fem Menner og stelte deim fyre Faraos Andlit.            3. Og Farao sagde til Brørne hans: "Kva er dykkar Næringsveg?" Og dei sagde til Farao: "Dine Tenarar er Fehyrdingar, baade me og vaare Fedrar ? [sic]"            4. Og dei sagde til Farao: "Til aa bu i Lande som framande er me komne; og der er ikkje Beite til den Smalen som dine Tenarar hev, av di Hungeren er hard i Kanaans Land; og no, kjære, lat dine Tenarar faa bu i Gosens Land!"</p> <p><i>Syn og Segn 1898 ss. [1] og 19.</i></p>	<p>Men Israel heldt Josef kjærast av alle borni sine, for han hadde fengi han paa sine gamle dagar; og han gjorde ein sid erme-kjol aat han. Og daa brøderne hans saag at far deira heldt meir av honom en av alle brøderne hans, vart dei hatige paa han, og kunde inkje tala eit godt ord til han.</p> <p>Ein gong hadde Joesef ein draum, som han fortalde brøderne sine, og daa vart dei endaa meir hatige paa han.</p> <p>So kom Josef med bod um detta til Farao og sagde: "Far min og brøderne mine hev komi hit fraa Kana'ansland med bu-feet sitt, baade smaatt og stort, og med alt det dei eig, og no er dei i Gosen-land." Og av alle brøderne sine tok han ut fem mann, og leidde dei fram fyre Farao. Og Farao spurde brøderne hans: "Kva hev de til live-veg?"</p> <p>Daa sagde dei med Farao: "Tenarane dine er fehyrdingar, og det same var federne vaare. Me vilde gjerne halda til her i landet," sagde dei til Farao; "for der finst inkje beite fyr buskapen vaar, av di det er eit svært uaar i Kana'ansland. Lat difyr tenarane dine faa bu i Gosen-landet!"</p> <p><i>Fyrste Mose-bok eller Upphavs-boki (1905) ss. 112 og 147.</i></p>

## 78. Husebys lysing om landsmåsliturgien 1902

Cand. theol. Peter Hognestads umsetjing

til nynorsk av

Kollektar, epistlar og liturgi

skal koma, dersom arbeidet vert autorisera av kyrkjedepartementet. Biskop Bang og professor Blix, som i 1900 av departementet vart sette til aa saumfara arbeidet, gav det gode lovord i april 1901 og skreiv, at det burde verta autorisera.

For deim, som vil halda gudstenest paa nynorsk, er det kann henda noko meinslegt, at denne umsetjingi ikkje er autorisera og prenta. Men der er den utvegen, at eg heretter som fyrr *skriv av* alt det, som kvar gong trengst av umsetjingi, og so fær dei, som ordnar med gudstenesta, gjennom sokneprest, provst og biskop senda søknad til kyrkjedepartementet um løyve til aa bruka umsetjingi i kyrkja.

*Olaf Huseby.*

Lysing bak på omslaget til *Salmar* ved Dr. E. Blix som Norsk Salmebok-Samlag gav ut for Norigs Ungdomslag i 1902 (eit hefte på 31 sider med i alt 39 nummer utvalde frå *Nokre Salmar* og *Salmar og songar*).

## 79. NT-revisjonar frå 1889 til 1908

*LT-89 [endra rev.-99 i klammer]*

*NT med bilæte 1908*

<u>Joh 2</u>	
11. Denne Byrjing paa sine Teikn gjorde Jesus i Kana i Galilæa og openberrade [openberrad] Herlegdomen sin [sin Herlegdom], og hans Læresveinar trudde paa honom.	Denne byrjing paa sine teikn gjorde Jesus i Kana i Galilæa og openberra herlegdomen sin, og læresveinarne hans trudde paa han.
12. Deretter gjekk han ned til Kapernaum, han og hans Moder og hans Brøder og hans Læresveinar [han og Moder hans og Brøderne og Læresveinarne hans], og dei drygde der ikkje mange Dagar.	Deretter gjekk han ned til Kapernaum, han og mor hans og brøderne og læresveinarne hans, og dei drygde der ikkje mange dagar.
13. Og Paasken til Jødarne var nær; og Jesus gjekk upp til Jerusalem.	Og paasken til jødarne var nær; og Jesus gjekk upp til Jerusalem.
14. Og han fann i Templet deim, som selde Uksar og Sauder og Duvor, og Vekslarne [deim, som vekslad Pengar,] sitjande der.	Og han fann i templet deim som selde uksar og sauer og duvor, og deim som veksla pengar, sitjande der.
15. Og han gjorde ei Svipa av Snøre og dreiv deim alle ut or Templet, baade Sauderne og Uksarne, og han spillte Pengarne fyre [fyre] Vekslarom [Vekslararne] og velte Bordi.	Og han gjorde ei svipa av snøre og dreiv deim alle ut or templet, baade sauerne og uksarne, og han spillte pengarne for vekslararne og velte bordi.

<p>16. Og til deim, som selde Duvor, sagde han: “Take [Tak] desse Ting her ifraa [herifraa]! gjere [gjer] ikkje min Faders Hus til ei Krambud!”</p> <p>17. Men Læresveinarne hans hugsade [hugsad], at det er skrivet: “Annhug [Ihuge] fyre [fyr] ditt Hus heve [hev] tært meg upp”.</p>	<p>Og til deim som selde duvor, sagde han: “Tak desse ting herifraa! gjer ikkje min faders hus til ei krambud!”</p> <p>Men læresveinarne hans hugsade at det er skrivet: “Ihuge for ditt hus hev tært meg upp”.</p>
<p><u>Rom 3</u></p> <p>19. Men me vita [veit], at alt det,[komma fjerna] som Logi segjer, det talar ho til deim, som ero [er] under Logi, so kvar Munn skal tagna, og all Verdi verta sakad fyre [fyr] Gud.</p> <p>20. etterdi at inkje Kjøtt kann ved Loggjerningar verta rettferdiggjort fyre [fyr] honom; for ved Logi kjem Kanning av Synd.</p> <p>21. Men no er Guds Rettferd, som er umvitnad av Logi og Profetom [Profetarne], openberrad utan Log [Logi],</p> <p>22. det vil segja: Guds Rettferd ved Trui paa Jesus Kristus fyre [fyr] alle og yver alle, som tru [trur]; for der er ingen Skilsmun;</p> <p>23. for alle syndade [syndad] og vanta [vantar] Æra fyre [fyr] Gud, [punktum]</p> <p>24. og [Og] dei verta [vert] rettferdiggjorde til Givendes, av hans Naade, ved den Atterløysning, som er i Kristus Jesus,</p> <p>25. som Gud sette fram i hans Blod som ein Naadestol ved Trui, til aa syna si Rettferd, fyredi [med di] han hadde Tol med dei Synder, som fyrr vart gjorde under Guds Langmod, –</p> <p>26. til aa syna si Rettferd i den noverande Tid, at [so] han kunde vera rettferdig og gjera den rettferdig, som heve [hev] Jesu Tru [Trui paa Jesus].</p>	<p>Men me veit at alt det som logi segjer, det talar ho til deim som er under Logi, so kvar munn skal tagna, og all verdi verta saka for Gud,</p> <p>etterdi at inkje kjøtt kann ved loggjerningar verta rettferdiggjort for han; for ved logi kjem kanning av synd.</p> <p>Men no er Guds rettferd som er umvitna av logi og profetarne, openberra utan logi,</p> <p>det vil segja: Guds rettferd ved trui paa Jesus Kristus for alle og yver alle som trur; <i>for der er ingen skilsmun; for alle synda og vantar æra for Gud.</i></p> <p><i>Og dei vert rettferdiggjorde til gjevendes, av hans naade, ved den atterløysning som er i Kristus Jesus,</i> som Gud sette fram i hans blod som ein naadestol ved trui, til aa syna si rettferd, med di han hadde tol med dei synder som fyrr vart gjorde under Guds langmod, –</p> <p>til aa syna si rettferd i den noverande tid, so han kunde vera rettferdig og gjera den rettferdig, som hev trui paa Jesus.</p>
<p><u>Ef 5</u></p> <p>Verte [Vert] difyre [difyr] Guds Etterfylgjarar som elskade Born [som hans kjære Born],</p> <p>2. og ferdest i Kjærleike [Kjærleik], liksom og Kristus elskade [elskad] oss og gav seg sjølv fyre [fyr] oss til ei Gaava og eit Offer, Gud til ein hugleg Ange!</p> <p>3. Men Hor og all Ureinskap elder Penge-Gir [Havesykja] maa ikkje eingong verta nemnde millom dykker, so som det sømer seg fyre dei heilage [fyr heilage],</p>	<p>Vert difor Guds etterfylgjarar som hans kjære born,</p> <p>og ferdest i kjærleik, liksom og Kristus elska oss og gav seg sjølv for oss til ei gaava og eit offer, Gud til ein hugleg ange!</p> <p>Men hor og all ureinskap eller havesykja maa ikkje eingong verta nemnde millom dykker, so som det sømer seg for heilage,</p>

<p>4. og Skjemdarferd og daarleg Svalling [Svall] og lauslynd Ganting [lauslyndt Skjemt], som altsaman er usømelegt, men helder Takksegjing!</p> <p>5. For dette vita [veit] de, at ingen Horkarl elder urein, [komma fjerna] elder pengegirug [girug] – som er ein Avgudsdyrkar – heve [hev] Ervelut i Kristi og Guds Rike.</p>	<p>og skjemdarferd og daarlegt svall og lauslyndt skjemt, som altsaman er usømelegt, men heller takksegjing!</p> <p>For dette veit de, at ingen horkarl eller urein eller girug – som er ein avgudsdyrkar – hev ervelut i Kristi og Guds Rike.</p> <p><i>Merknad: Tekstene står samanhengande i testamentet (med versetal i margen), men er delte opp her for skuld parallelliteten.</i></p>
--	--

## 80. Bernt Støylen om landsmåsliturgi 1907

I anledning af en passus i erklæringen fra Hamars biskop om “at oversættelsen bør til-lades benyttet ved den offentlige gudstjeneste i de sognemenigheder, hvor presten til enhver tid er istand og villig til at prædike paa landsmaal” – vil jeg bede om lov til at udtale, \*) at en saadan bestemmelse meget let vil kunne fremkalde et pinlig forhold mellem prest og menig-hed i denne sag; thi om en prest ikke finder, at han kan eller vil prædike paa landsmaal, saa vil menigheden lettelig kunne undskylde ham i det og alt efter omstendighederne finde det ret og rimelig; men det vil blive opfattet paa en helt anden maade, om han vilde negte at læse liturgien paa landsmaal, naar menigheden ønsked det. \*) Dersom presten ikke vilde øve sig saa meget i læsningen af landsmaalet i en menighed hvor man vedtog indførelsen af landsmaalsliturgien, da vil dette vistnok vække en modvilje mod presten, som saavel han som menigheden paa forhaand bør være hindret fra at komme op i. Jeg vil derfor indtrængende bede om, at en saadan bestemmelse ikke maatte blive knyttet til benyttelsen af landsmaals-liturgien.

\*) herom er S. ikke spurgt.

\*) men at læse landsmaalsliturgien paa landsmaal, medens presten præker paa rigs-maal, gaar dog ikke an.

*Utdrag or svarbrev frå Bernt Støylen  
(dåverande hovudlærer ved det praktisk-teologiske seminaret)  
til Kyrkjedepartementet etter ei høyringsrunde mellom biskopane  
sommaren 1907 om Peter Hognestads landsmålsomsetjing av liturgien.  
Dei to merknadene er sette til av ein for meg ukjend skrivar i departementet.*

## 81. Utdrag frå fyrste liturgien på landsmål

Altarboka på riksmål	Peter Hognestads omsetjing
<p style="text-align: center;"><i>Synsbekjendelse</i></p> <p>Jeg arme, syndige Menneske bekjender for Dig, hellige, almægtige Gud, min Skaber og Gjenløser, at jeg ikke alene har syndet mod Dig i Tanker, Ord og Gjerninger, men ogsaa er undfangen og født i Synd, saa at jeg for Dig, retfærdige Gud, er ganske og aldeles strafskyldig og fordømmelig. Derfor henflyr jeg til Din store Barmhjertighed og beder for Jesu Kristi Skyld: Gud, vær mig Synder naadig!</p> <p style="text-align: center;"><i>Takkekollekt for Nadverden</i></p> <p>Vi takke Dig, Herre, almægtige, evige Gud, at Du har vederkvæget os med disse Dine salige Gaver. Nu bede vi Din Barmhjertighed, at Du ved samme Dine Gaver vil styrke vor Tro paa Dig og gjøre Kjærligheden brændende mellem os selv indbyrdes, for Din Søns, Jesu Kristi, vor Herres, Skyld!</p> <p style="text-align: center;"><i>Børns Daab i Kirken</i></p> <p><i>Presten øser med sin Haand tre Gange Vand paa Barnets Hoved og siger:</i></p> <p><b>N. Jeg døber dig i Faderens, og Sønnens, og den Helligaands Navn.</b></p> <p><i>Fadderne og Kirkesangeren: Amen.</i></p> <p><i>Nu sættes Kristen-Huen paa Barnets Hoved, og Presten siger med Haandspaalæggelse:</i></p> <p>Den almægtige Gud, vor Herres Jesu Kristi Fader, som nu har gjenfødt dig ved Vand og den Helligaand og har forladt dig alle dine Synder, Han styrke dig med Sin Naade til det evige Liv!</p> <p>[...]</p>	<p style="text-align: center;"><i>Sannkjenning av syndi</i></p> <p>Eg arme, synduge menneskje sannar for deg, heilage, allmechtige Gud, min skapar og atterløysar, at eg inkje berre hev synda imot deg i tankar, ord og gjerningar, men ogsa er avla og fødd i synd, so eg for deg, rettferdige Gud, er heilt og fullt skyldig til refsing og fordøming. Difor flyr eg til di store miskunn og bed for Jesu Kristi skuld: Gud ver meg syndar naadig!</p> <p style="text-align: center;"><i>Takkekollekt for nattverden</i></p> <p>Me takkar deg, Herre, allmechtige, ævelege Gud, at du hev kveikt oss upp med desse sæle gaavorne dine. No bed me di miskunn, at du ved desse same gaavorne vil styrkja vaar tru paa deg og gjera kjærleiken brennande millom oss sjølv innbyrdes, for son din, Jesu Kristi, vaar herre, skuld!</p> <p style="text-align: center;"><i>Barnedaap i kyrkja</i></p> <p>Presten øys med handi tri gonger vatn paa hovudet til barnet og segjer:</p> <p><b>N. Eg døyper deg til namnet aat Faderen og Sonen og den heilage ande.</b></p> <p>Fadrane og klokkaren: Amen.</p> <p>No set dei kristenhuva paa hovudet til barnet, og presten segjer med handpaaleggjing:</p> <p>Den allmechtige Gud, vaar Herre Jesu Kristi fader, som no hev atterfødt deg med vatn og den heilage ande og hev forlate deg alle dine synder, han styrkje deg med sin naade til ævelegt liv!</p> <p>[...]</p>



<p>I kjære Kristne, som have været Faddere til dette Barn (disse Børn), I skulle være Vidner, at det (de) er døbt (ere døpte) i den hellige Treenigheds Navn. Saa skulle I ogsaa komme det (dem) i Hu for Gud i eders Bønner, og om saa sker, at Forældrene dø, førend det (de) kommer til Skjels Alder, da lade det (dem) oplære i den kristne Barnelærdom, om I ere der tilstede, at det (de) maa, naar det (de) voxer op, blive ved Kristus, ligesom det (de) nu ved Daaben er inpodet (ere inpodede) i Ham.</p> <p>Fred være med eder!  <i>Fadderne og Kirkesangeren: Amen.</i></p> <p><i>Alterbog for den norske Kirke (autorisert 14.2.1889 til bruk frå advent same året), Kristiania 1893 (Grøndahl) ss. 9, 23 og 66–67.</i></p>	<p>De kjære kristne, som hev vore fadrar til dette barnet (desse borni), de skal vera vitne at det (dei) er døypt (døypte) til namnet aat den heilage trieining. So skal de og koma det (deim) i hug for Gud i bønnerne dykkar, og um so hender, at foreldri døyr fyrr det (dei) naar til skils alder, skal de faa det (deim) upplært (upplærde) i den kristne barnelærdomen, um de er paa den staden, so det (dei) maa verta verande i Kristus naar det (dei) veks upp, liksom det (dei) no ved daapen er innplanta i honom.</p> <p>Fred vere med dykker!  Fadrarne og klokkaren: Amen.</p> <p><i>Tekstbok og Altarbok for den norske kyrkja (autorisert 28.10.1907), Kristiania (Salmebogforlaget) 1908 ss. 368–69, 383 og 418–419.</i></p>
--	---

## 82. Frå Prædikeren til Preikaren

<i>Bibelselskapets tekst frå 1891 (til 1930)</i>	<i>Peter Hognestads omsetjing 1915</i>
<p>Og tænk paa din Skaber i din Ungdoms Dage, førend de onde Dage kommer, og Aar indtræder, om hvilke du skal sige: De behager mig ikke,  førend Solen og Lyset og Maanen og Stjernerne formørkes, og Skyerne kommer igjen efter Regnet –  [...]  førend Sølvsnoren borttages, og Guldskaalen sønderslaaes, og Krukken sønderbrydes ved Kilden, og Hjulet sønderknuses og falder ned i Brønden,  og Støvet vender tilbage til Jorden og bliver som det var før, og Aanden vender tilbage til Gud som gav den.</p> <p>Prædikeren (Fork.) 12, 1–2 og 6–7.</p>	<p>Og tenk paa din skapar i ungdomsdagane, fyrr dei vonde dagarne kjem, og det lid til dei aari daa du lyt segja: Eg likar deim ikkje;  fyrr soli myrkjest,  og ljuset og maanen og stjernorne, og skyer kjem att etter regnet;  [...]  fyrr sylvsnori slitnar, og gullskaali brotnar, og krukka ved kjelda gjeng sund, og hjulet dett brotna i brunnen, og moldi fer atter til jordi som fyrr ho var og aandi gjeng atter til Gud som gav ho.</p> <p>Preikaren (Fork.) 12, 1–2 og 6–7.</p>

### 83. Fager kveldsol smiler

<i>Abend wird es wieder</i>	<i>Aftensolen smiler</i>	<i>Fager kveldsol smiler</i>
<p>Abend wird es wieder; über Wald und Feld säuselt Frieden nieder, und es ruht die Welt.</p> <p>Nur der Bach ergiesset sich am Felsen dort, und er braust und fliesset immer, immer fort.</p> <p>Und kein Abend bringet Frieden ihm und Ruh', keine Glocke klinget ihm ein Rastlied zu.</p> <p>So in deinem Streben bist, mein Herz, auch du: Gott nur kann dir geben wahre Abendruh'.</p>	<p>Aftensolen smiler over Jorden ned, og Naturen hviler taus i hellig Fred.</p> <p>Ikkun Bækkens Vove risler sagtelig, gjennem Mark og Skove hen den slynger sig.</p> <p>Ingen Aften bringer Standsning i dens Fjed, ingen Klokke ringer den til Ro og Fred.</p> <p>Saa mit Hjerte stunder i sin Kjærlighed, til jeg engang blunder i en evig Fred.</p>	<p>Fager kveldsol smiler over heimen ned, jord og himmel kviler stilt i heilag fred.</p> <p>Berre bekken brusar frå det bratte fjell, høyr kor sterkt det susar i den stille kveld!</p> <p>Ingen kveld kan læra bekken fred og ro, ingi klokke bera honom kvilebod.</p> <p>Så mitt hjarta stundar, bankande i barm, til eg ein gong blundar i Guds faderarm.</p>
A.H. Hoffmann von Fallersleben 1837.	Etter Hoffmann ved J.D. Behrens 1850.	Etter Hoffmann ved Hognestad 1904/1915.